

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tore Eriksen
Arkivsaksnr.: 11/434

Arkiv:

NOU 2010: 10 "Tilpassing til eit klima i endring" - uttale

Rådmannen si tilråding:

::: [Sett inn innstillingen under denne linja](#) ↓

1. NOU 2010:10 "Tilpassing til eit klima i endring" gjev eit godt grunnlag for å styrkje arbeidet med klimatilpassing. Utgreiinga femnar om mange område og det vil vera behov for å konkretisere tiltak og verkemiddel innafor fleire av desse. Klimaendringane må integrerast i alle samfunnområda og her vil kommunane måtte spele ei viktig rolle om tilpassingsarbeidet skal lukkast. Ein klar føresetnad må vere at nye oppgåver til kommunane vert fullfinansierte.
2. Luster formannskap viser elles til rådmannen si saksutgreiing.

::: [Sett inn innstillingen over denne linja](#) ↑

... [Sett inn saksutredningen under denne linja](#) ↓

Prenta vedlegg: Om utvalet sine tilrådingar og link til heile rapporten;

www.regjeringen.no/nb/dep/md/kampanjer/klimatilpassing-norge-2/bibliotek/publikasjoner/nou-rapporten-lagt-fram.html?id=624557

Samandrag:

NOU 2010:10 "Tilpassing til eit klima i endring" gjev eit godt grunnlag for å styrkje arbeidet med klimatilpassing. Utgreiinga femnar om svært mange område, og det vil vera behov for å arbeide vidare og konkretisere tiltak/verkemiddel innafor fleire av desse. Klimaendringane må integrerast i alle samfunnområda og her vil kommunane måtte spele ei viktig rolle om tilpassingsarbeidet skal lukkast. Ein klar føresetnad må vere at nye oppgåver til kommunane vert fullfinansierte.

Vedtaksmynde:

Formannskapet.

Fakta:

Miljøverndepartementet har sendt *NOU 2010:10 "Tilpassing til eit klima i endring. Samfunnet si sårbarheit og behov for tilpassing til konsekvensar av klimaendringane"* på høyring. Denne saka fokuserer særleg på dei delane av NOU-en som er relevante for kommunane.

Arbeidet med NOU 2010:10 har vore leia Oddvar Flæte, fylkesmann i Sogn og Fjordane.

Kommunane si rolle i klimatilpassingsarbeidet

Utvalet peikar m.a. på følgjande:

"Kommunane har eit heilskapleg ansvar som lokal styresmakt for samfunnsutvikling, planlegging og tenesteproduksjon innanfor sitt geografiske område. Dei leverer offentlege velferdstenester, utøvar mynde med heimel i lovverk, arbeider for å utvikle lokalsamfunnet og har viktige demokratiske funksjonar. Skal oppgåvene kunne utførast på ein måte som sikrar robuste lokalsamfunn i framtida, er det nødvendig at omsynet til eit endra klima blir integrert i dei kommunale ansvarsområda.

Klimaendringane vil påverke dei fleste sektor- og tenesteområda som kommunane har ansvar for. Kommunane si drift og forvaltning har mange utfordringar i møtet med eit endra klima. Både kor utsette dei er for klimaet, behov for tilpassing og tilpassingskapasitet vil variere mellom dei enkelte sektor- og tenesteområda...

Kommunane er plan- og byggjesaksstyresmakt og har ansvar for arbeidet med samfunnsstryggleik på lokalt nivå. Desse funksjonane stiller kommunane i frontlinja for proaktiv handtering av konsekvensar av klimaendringar."

Med dei oppgåvene kommunane i dag har, ikkje minst innan fysisk planlegging, vil vi vere det myndigheitsorganet som i første rekke må integrere omsynet til klimatilpassing i samfunnsplanlegginga. Skal vi makte denne oppgåva, må vi få tilgang til verkemiddel og verktøy som gjer oss i stand til å integrere klimatilpassing serleg i arealplanlegginga.

Utvalet foreslår ei rekkje tiltak og verkemiddel for å setje kommunane i stand til å ta omsyn til klimaendringane i si planlegging og drift.

1. Styrka plankapasitet og plankompetanse i den kommunale arealplanlegginga

Utvalet ser eit styrkt plansystem som tek høgde for klimaendringar som det viktigaste grepet samfunnet kan gjere for å tilpasse seg eit klima i endring:

"Utvalet tilrår at omsynet til klimatilpassing blir innarbeidd i ny forskrift til plan- og bygningslova. Utvalet vil òg tilrå at kommunane blir tilførte øyremerkte midlar for å styrkje plankapasitet og plankompetanse, slik at klimatilpassing kan integrerast i arealplanlegginga."

Rådmannen har ikkje merknader til at kommunane sitt ansvar til å ta omsyn til klima-endingane i arealplanlegginga vert innarbeidd i forskrift etter plan og bygningslova. Denne forskrifta bør vera tydeleg på dei kommunale pliktene. Tydelege lovkrav gjev grunnlag for ei effektiv oppfølging i kommunane. Eit slikt lovkrav må følgjast opp med tilstrekkelege verkemiddel som set kommunane i stand til å stetta lovkravet.

Rådmannen er prinsipielt i mot øyremerking av statlege midlar. Øyremerkta midlar gjev ikkje grunnlag for gode lokale prioriteringar, det svekkar lokal effektivitet og reduserer den lokal-politiske handlefridomen. Utvalet grunnlegg behovet for øyremerking med at arbeidet med klimatilpassing i kommunane har ein svært langsiktig karakter, 30 til 100 år, og at midlar til eit så langsiktig arbeid ofte vil tape i konkurransen med mange kortsiktige behov. Rådmannen meiner likevel at vi bør unngå øyremerking. Dette både fordi utvalet også tilrår bruk juridiske verkemiddel og fordi kommunane vil stå overfor nye utgifter på ei rekkje samfunnsområde relatert til klimaendingar.

2. Utvikling av kunnskapsgrunnlaget

Utvalet peiker på følgjande:

"Kunnskapsgrunnlaget må styrkjast gjennom kartlegging, overvaking og forskning. Opparbeidd kunnskap og erfaring med handtering av klima i dag vil vere viktig i klimatilpassingsarbeidet, men det er òg behov for ny kunnskap i stor breidd;

- Utvalet tilrår utvikling av meir nøyaktige og detaljerte grunnkart. Det er særleg behov for betre kartlegging av område som er utsette for naturfarar som skred, flaum og overvatn.
- Eksisterande program for overvaking må styrkjast, og nye program må utviklast, særleg knytt til naturmiljø og naturfare. Utvalet tilrår òg at overvakinga av vind og korttidsnedbør blir styrkt.
- Utvalet tilrår at forskinga på klimaendingar, klimaeffektar og tilpassing blir styrkt. Utvalet tilrår at finansieringa av eksisterande forskingsprogram blir styrkt, eller at det om nødvendig blir oppretta nye program.
- Utvalet tilrår at det blir etablert eit klimaservicesenter. Senteret skal arbeide for kontinuerleg oppdatering av modellgrunnlaget og tilrettelegging av klima- og hydrologiske data for forvaltninga. Senteret bør etablerast under Norsk Klimasenter.
- Utvalet tilrår jamleg oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om klimaendingar. Klimaframskrivingane for Noreg og Noregs nærrområde, med tilhøyrande analyse av sårbarheit og tilpassingsbehov, må oppdaterast minimum kvart tiande år.
- Utvalet tilrår at opplæringstilbodet for kommunar og andre myndighetsnivå blir styrkt, og utvida med fire regionale kompetansesenter under eksisterande institusjonar."

Rådmannen vil peike på at slike tiltak bør setjast i verk parallelt med at kommunane sitt ansvar for klimatilpassing vert tydeleggjort gjennom lovverket. Det må utarbeidast betre kartverk som syner framtidige fareområde for skred, flaum og overvatn. I dette arbeidet vil det vera naudsynt med eit samarbeid mellom nasjonale organ og kommunane. Ei oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for klimaendingane, etablering av eit nasjonalt klimaservicesenter og regionale opplæringstilbod for kommunar vil kunne vere til hjelp for kommunane si eiga planlegging. Ein bør i denne samanhengen vere merksam på den kompetansen Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning har innafor områda geofare/naturfare og klima tilpassing.

3. Vedlikehaldsetterslep

Utvalet peiker på følgjande:

"Samfunnet er ikkje godt nok tilpassa klimaet i dag grunna manglande vedlikehald og ivaretaking av naturmiljøet;

- Utvalet tilrår at vedlikehald må prioriterast, og at det må utviklast insentiv som fremjar dette.

- Utvalet tilrår vidare at arbeidet med skred- og flaumsikring må styrkjast.
- Utvalet tilrår ei sterkare prioritering av arbeid for å sikre intakte og robuste økosystem som er avgjerande for artene og naturmiljøa sine moglegheiter til å tilpasse seg klimaendringane.
- Insentiv for auka vedlikehald av kommunale bygningar bør styrkjast, mellom anna ved å vurdere endring av krava til kommunal rekneskapsføring og gi råd om organisering av kommunal eigedomsforvaltning." (Frå kapitlet om bygningssektoren.)

Rådmannen er samd i at vedlikehaldsetterslepet aukar sårbarheita i samfunnet for klima - relaterte skader og at auka vedlikehald må prioriterast. Kommunale bygningar og vegar har eit stort vedlikehaldsetterslep. Dei statlege løyvingane på 6 mrd. kr til auka vedlikehald i kommunane i samband med finanskrisa viser at kommunane med dette incentivet fekk gjort noko med vedlikehaldsetterslepet. Men det står mykje att. KRD og KS bør i fellesskap vurdere kva verkemiddel som bør setjast i verk for å redusere det samla etterslepet.

Støtteordningane til skred- og flaumsikring bør styrkjast. Dei avsette midla som NVE disponerer til slike tiltak er ikkje tilstrekkelege for å dekkja behovet. Betre kartlegging av område utsett for skred og flaum vil venteleg føre til at fleire område må sikrast. Ordninga med 80% statleg og 20% lokal finansiering av desse sikringstiltaka bør halde fram.

4. Vatn og avløp

Utvalet tilrår m.a. følgjande innafor vatn og avløp:

- Setje i verk kartlegging av kor robust vass- og avløpssektoren er i dag gjennom å greie ut praktiske og økonomiske konsekvensar av klimaendringane, og berekne omfang og kostnader av nødvendige klimatilpassingstiltak i sektoren. Under dette greie ut konsekvensar for gebyrordninga innan vass- og avløpssektoren
- Styrkje rettleiinga i korleis kommunen kan handtere overvatn i planlegginga si, under dette utarbeide rettleiing om korleis flaumvegar kan setjast av som omsynssoner i arealplanane
- Medverke til å styrkje utdanningstilboda og auke rekrutteringa til vass- og avløpssektoren
- Utarbeide statlege rettleiande retningslinjer for å dimensjonere vass- og avløpssystem slik at det er teke høgde for venta klimaendringar.
- Klargjere det juridiske grunnlaget for vass- og avløpsstenestene, slik at eigar av vass- og avløpsanlegg ikkje kan fråskrive seg ansvaret for skade på abonnenten sin eigedom som følgje av for lita dimensjonering og tilbakeslag
- Avklare kommunane sine høve til finansiering på vass- og avløpsområdet, inkludert vurdere lovendring som gjer tydeleg at handteringa av overvatn i regulerte område kan finansierast over vass- og avløpsgebyra

VA-sektoren er i det alt vesentlege eigd og driven av kommunane. Det eksisterer i dag eit stort vedlikehaldsetterslep innafor sektoren, med m.a. avløpsrøyr som både skal leie vekk kloakk og overflatevatn, og som ikkje er dimensjonerte for dei nedbørsmengdene vi har i dag. Auka nedbør vil gje auka utfordringar innafor VA-sektoren.

Rådmannen sluttar seg i det alt vesentlege til dei tiltaka utvalet tilrår innafor vatn og avløp. Utdanningskapasiteten for VA-ingeniørar må styrkast. Mange kommunar slit i dag med å rekruttere kompetent arbeidskraft til VA-sektoren. Eksisterande finansieringsordningar innafor VA-sektoren bør klargjerast og vidareutviklast i den retning utvalet skisserer.

Dato: 31.01.11

Tore Eriksen
rådmann

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til:

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)